



Villanger & Sønner AS  
Kvassnesvegen 45  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1937 - 15/34730

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
17.11.2015

## Ferdigattest - gbnr 39/11 Hodnekvam.

**Administrativt vedtak. Saknr: 504/15**

**Tiltakshavar:** Kristine Hodnekvam og Eystein Sande  
**Ansvarleg søkjar:** Villanger & Sønner AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 20.01.2014 med endringsløyve datert 10.03.2015 og 22.06.2015. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll. Det vert elles vist til søknad motteken 09.11.2015.

### Skildring

Adresse:	Mykingvegen 1344
Bygningstiltak:	Riving av fritidsbustad med bygningsnr 176271566 Oppføring av ny bustad med bygningsnr 300505973 Oppføring av garasje med bygningsnr 300529563
Bruksareal:	Bustad 143 m2 Garasje 46 m2
Avlaup:	Privat anlegg - minireinseanlegg
Vatn:	Privat vatn - borehol
Tal på røykløp:	1

### VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad og garasje på gbnr 39/11.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.



**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1937

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Eystein Sande og Kristine  
Hodnekvam

Sandevegen 424 5977

ÅNNELAND

**Mottakarar:**

Villanger & Sønner AS

Kvassnesvegen 45 5914

ISDALSTØ